

# Visitasforedrag

## Visitas i Klepp, Orre og Bore, 19.-29. september 2024

Det var vindstille då me kom til Orre, til møte med sokneråda i Klepp, Orre og Bore. Den flotte kyrkjelydssalen var dekka og klar. Mest av alt var han fylt av soknerådsmedlemmar med stort engasjement for kyrkjelyden sin, med glede over fellesskap, kva kyrkjene betyr på stadene der ho er og med vilje til å satsa vidare.

Så heldige de er i desse sokna! Her finst det fellesskap som inkluderer, tilsette som brettar opp ermane, med overskot til å smila og le saman, ein skare av frivillige og mange gode tilbod til folk. De har kyrkjer som ber tradisjon, som lever i dag og står midt i spennande tider. Kommunen har vakse dei siste åra, det kjem stadig nye folk hit og alle har si rolle å spela for å gjera livet godt for kvarandre vidare.

### Visitas

Ein bispevisitas er ei oppdagarferd. Klepp er stort nok til ikkje å vera ukjent, men denne veka har me fått vera på innsida av livet i kyrkjelydane og i kommunen. Me har besøkt tomatgartneri på Orre, hatt møter med ordførar og kommunaleiing og blitt møtt med stor gjestfridom. Eg har vore i våtdrakt og på surfebrett med konfirmantar på Borestranda, feira kvardagsgudsteneste med torsdagstreffen, besøkt Nytt og brukta, Jæren Industripartner, vore på pilegrimsvandring til Orre gamle kyrkje og hatt samtalar med dei tilsette. Her har det vore lett å trivast. Eg har blitt fylt av takksemd for alt det gode arbeidet som skjer her.

Ein visitas er eit uttrykk for at den lokale kyrkjelyden er viktig. Me treng kyrkjer som er nær oss. Visitasen er også eit uttrykk for at kyrkja er eit stort fellesskap. Me heng saman med dei som har gått føre oss, med kvarandre på tvers av soknegrenser, på tvers av generasjonar, på tvers av ulik bakgrunn, livssituasjon og truserfaring. Som biskop kjem eg for å takka for alt godt arbeid som blir lagt ned i kyrkjelydane, for å læra og for å vera med på samtalar om vegen vidare. Eg har stor nytte av å bli godt kjent med kyrkjelydar. Denne veka har eg fleire gongar blitt imponert.

### Orre

Me starta på Orre. Orre er den minste av kyrkjelydane i kommunen. Det er ein bygdekyrkjelyd, med to flotte kyrkjer og eit godt sokneråd. Orre er både eit lokalsamfunn i seg sjølv og ein del av kyrkja i kommunen. Gudstenestene er viktige samlingspunkt,

trusopplæring og konfirmantarbeid er viktige møtepunkt for barn og unge. Kyrkjelyden har også fått god kontakt med ukrainske flyktninger i tida etter invasjonen.

Det er viktig å halda oppe det kyrkjelege nærværet i soknet. Lag og foreiningar i bygda kan gjerne inviterast til gudstenester og samarbeid om arrangement. Orre gamle kyrkje er eit flott pilegrimsmål. Elles kan Orre også ha god nytte av samarbeid med dei andre kyrkjelydane om felles prosjekt, og dei tilsette har god nytte av å høyra til i eit større stabsfellesskap. Soknerådet kan gjerne arbeide vidare med «Kyrkja vår – samla plan for arbeidet i soknet». Det er eit godt utgangspunkt for å snakka vidare om kva møtepunkt kyrkja kan tilby alle som bur i soknet.

### Bore

Bore kyrkjelyd er eit godt eksempel på korleis ein kyrkjelyd kan vera både fellesskapskyrkje og folkekirkje. På mange måtar opplever kyrkjelyden seg som ein storfamilie, ein god plass for nye å bli med, med frivillig medarbeidarskap og fellesskap på tvers av generasjonar. Barne- og ungdomsarbeidet inkluderer mange, og gudstenestene er levande møtepunkt. Sjølv om kyrkja har plass til to hundre, så er det likevel ofte så mykje folk at ein må sitta trøngt. Plass til 40 i kyrkestova set grenser for kva ein kan få til.

Det er flott at dei tilsette i kyrkjelydane kan ha kontorfellesskap. Bore står godt på eigne bein og når langt som kyrkje for eiga bygd, men det er også nyttig med god kontakt med naboane. Folk i Bore sokn kryssar ofte soknegrensene, skulekrinsar går på tvers og nokre tiltak kan det vera naturleg å samarbeida om, til dømes ungdomsarbeid og kulturarrangement.

Kyrkjelyden har funne si form på gudstenester, med både storfamiliesamlingar, band, lovsongskveldar og tradisjonelle gudstenester. NAMU gjev inspirasjon til å utvikla kyrkjelyden vidare. Dette fungerer godt. Det er viktig at dåpsfamiliar også får høve til å vera med på nattverden. «Medsongarar» er eit omgrep me vil ta med oss vidare. Babysong og dåpssamlingar gjev unge familiar kontakt med kyrkja og kvarandre. Det er spelekveldar og turgruppe. I soknerådet hørde me også eit engasjement for besøksteneste det kan bli mykje godt ut av.

Bore kyrkjelyd har alt på plass mykje av det ein kan ønska seg. På lang sikt er det ei utfordring at både kyrkje og Kyrkestove er for små i forhold til kor mange som vil vera med. Samtalen mellom kyrkjelydane om kva dei gjer saman og kva dei skal gjera kvar for seg er også viktig i Bore, men det lokale arbeidet med gudstenester, trusopplæring og

møteplassar for folk i soknet er sjølvsagt hovudfokus og ein skatt det er verdt å ta vare på. Gode tilbod gjev også mange moglegheiter for nye til å kopla seg på.

### Klepp

I Klepp er kyrkja stappfull, av folk i alle aldrar, gudstenesteglede og kyrkjelege handlingar. Kyrkja har tent Kleppbuar i generasjonar. Det skal ho framleis, men no har både kyrkjelyd og lokalsamfunn vakse, så nå kjem det ny kyrkje. Kommune, kulturliv og kyrkje skal bu saman midt i sentrum.

Me møtte stiftelsen som samlar inn på Nytt og Brukt. Dei har fått inn millionar på dugnadars og gode tiltak. Rundt bygginga går samarbeidet med kommunen svært godt. I møtet med ordførar og kommuneleiinga kom gode forventningar til ei ny tid saman til overflata.

Den norske kyrkja er med god margin den største medlemsorganisasjonen i Noreg. Norsk historie frå vikingtida av er historia om korleis kyrkja har prega samfunnet. Mange av dei verdiane som ligg til grunn for samfunnet vårt, som me no tek som sjølvsagde, kom inn i kulturen vår med kyrkja: Omsorg for kvar enkelt, å stå saman for dei som treng nokon ved sida, å ha andre mål for livet enn berre rikdom og velstand. Neste år feirar me 900 år SAMAN, som er mottoet for jubileet.

Me merkar at det er viktig for Klepp kyrkjelyd å vera på banen og ha plass for folk.

Kyrkjelyden er til stades for menneske i glede og sorg. De er opptekne av å bidra til at Klepp skal vera ein god stad å bu, for barn, unge, nye i bygda, vaksne og eldre.

Arrangementet onsdag kveld, der lag og foreiningar var samla med fokus på barn og unge i Klepp, viste ein kyrkjelyd som ser meir enn sitt eige indre liv og vil tēna menneska han er til for.

Å vera folkekirkje er eit uttrykk for evangeliet. Me er folkekirkje fordi evangeliet er for alle. Me er folkekirkje fordi alle menneske er viktige for Gud, så slik Gud gjev seg sjølv for oss, gjev frivillige og tilsette i Klepp kyrkjelyd av tid, kompetanse og hjartelag til beste for folk rundt seg. De kan vera stolte og glade for å vera ein open og inkluderande kyrkjelyd det er godt å koma til.

### Mangfold og samarbeid.

Dei siste åra har det også vore debatt fordi samfunnet har blitt meir prega av mangfold.

Det finst også eit mangfold mellom kristne, som gjev seg ulike utslag. Den norske kyrkja ønskjer å vera like open som evangeliet: Alle menneske fortener fellesskap og å bli møtt

med Guds kjærleik. Alle har noko å bidra med til fellesskapet. Me ønskjer ikkje å setja opp veggar mot andre, men å ha gode relasjoner, også til dei som har ei anna tru.

I Klepp har ein også kjent på utfordringar når nokon tek avstand til kyrkja, også andre det ville vore naturleg å samarbeida med. Det går an å forstå at kristne kan tenka ulikt, men Bibelen er svært tydeleg på at alle som høyrer til Jesus Kristus også høyrer saman med kvarandre. Mangfaldet i kyrkja er eit uttrykk for dette. Me er trygge på at dei som leier kyrkjene i Klepp har hjarta på rett plass og er i stand til å navigera klokt i det mangfaldige samfunnet. Kyrkja er alltid open for dialog.

Dette har me også hatt nyttige samtalar med kommunen om. Kommunen har «Med blikk for alle» som motto. Den har gjeve tydelege signal om at kommunen ser på kyrkja som ein viktig ressurs og ein sjølvsagt samarbeidspartner ein gjerne kan gjera meir saman med. Kyrkja speler gjerne saman med alle gode krefter, med respekt for menneske som grunnlag. Me deler verdiar med både kommune og andre frivillige lag og organisasjonar, og det kan samla oss for å opna for det som er kyrkja sin visjon: Meir himmel på jorda.

### **Tru, kjærleik og glede.**

Trua er ei gåve til oss. Kyrkjelydane i Klepp er ei gåve til alle som bur her. Her opnar himmelen seg over livet til barn som blir døypte. Her kan barn og unge leika og synga seg vidare i eit liv i tru. Konfirmantar kan bygga relasjoner og utforska kyrkja. Ungdom kan finna gode stader å vera. Vaksne finn møteplassar, og kyrkjene har eit diakonalt arbeid som når nokon av dei som treng det mest, både synleg og meir i det skjulte. Eg håpar både vaketeneste, kvardagsvener, møte med nye i Noreg, gode verestader for ungdom, kor, torsdagstreff, vandringar, samtalar og heilage handlingar framleis vil blomstra – og bli fortalt om i kyrkjelydsblad og i sosiale media.

Eg sit igjen med glede og takksemd etter dagane på visitas hjå dykk. Eg har møtt gode medarbeidarar, dyktige leiarar i kommunen, kreative og trufaste frivillige, grupper av tilsette der smilet sit laust og der ein står saman når løfta er tyngre. Eg har sett eit dyktig fellesråd som har god oversikt over korleis det står til med kyrkjene og bidrar til godt samarbeid mellom ulike område av kommunen.

Så er det å sjå det – at i samlingane våre er det faktisk Gud som kjem til oss. Gud kjem i dei gode blikka, i arbeidsfellesskapet og i andaktane. I liturgien, i salmar og lovsongar, i dåpsvatn og når me opnar hendene og tek imot brød og vin. Det er noko meir i kyrkja, akkurat som det er meir med oss menneske enn det me ser. I lyset frå Gud får me oppleva

oss sjølv som sett, famna og utfordra. Me er pilegrimar på vegen. Me kan vera, voksa og virka. Med nærliek til stammen ber me frukt på mange måtar.

«Det er Gud som er verksam i dykk», seier Paulus til Filipparane, ein kyrkjelyd han hadde stor glede i. Eg vil gjerne gje dei same orda vidare til dykk, så ber eg om at all gleda over å vera kyrkjelyd framleis vil skina når det blir bispevisitas i Klepp neste gong. Visitasen blir avslutta med stor takk!

Anne Lise Ådnøy

Biskop i Stavanger bispedømme